

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Fylkeshuset
Dato: 24. april 2026
Klokkeslett: 09.00-12.00

Saksbehandlar: Kari Gåsemyr

Dato: 17. april 2026

DAGSORDEN	1
Saksliste byvekstvtalen.....	1
Sak 23/26 Godkjenning av innkalling og saksliste	1
Sak 24/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026	1
Sak 25/26 Detaljerte transportdata med Counting Hero	2
Sak 26/26 Trafikksikkerheitsindikator	2
Sak 27/26 Handlingsprogram 2027-2029	2
Sak 28/26 Årsmelding 2025.....	3
Sak 29/26 Politisk seminar	3
Sak 30/25 Eventuelt, byvekstvtalen	3
Saksliste bypakke Bergen	3
Sak 31/25 Eventuelt, bypakke Bergen.....	3

Saksliste byvekstvtalen

Sak 23/26 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 24/26 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026

Sjå vedlegg 1

Vedlegg 1 er utkast til referat frå styringsgruppa sitt møte 27.03.2026.

Forslag til vedtak: *Vedlagte referat frå møtet i styringsgruppa 27.03.2026 er godkjent.*

Sak 25/26 Detaljerte transportdata med Counting Hero

Sjå vedlegg 2

Vestland fylkeskommune har i eit FoU-prosjekt samarbeidd med Counting Hero og testa KI-basert kameraanalyse for å få meir detaljert kunnskap om trafikkmønster og køyretøypaar. I denne saka orienterer fylkeskommunen om prosjektet og korleis det er tenkt vidareført.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering. Erfaringane frå FoU-prosjektet kan nyttast som vidare kunnskapsgrunnlag i arbeidet med byvekstavtalen og oppfølging av nullvekstmålet.*

Sak 26/26 Trafikksikkerheitsindikator

Indikatorsettet for byvekstavtalane skal utvidast med ein supplerande indikator for trafikksikkerheit. Føremålet er å gi partane eit verktøy for å følgje utviklinga knytt til ulukker, vurdere tiltak og på sikt følgje opp effekten av gjennomførte tiltak. Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet utarbeidd eit forslag til ny trafikksikkerheitsindikator i byvekstavtalene, som Samferdselsdepartementet har slutta seg til. Statens vegvesen vil orientere om indikatoren i møtet.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering*

Sak 27/26 Handlingsprogram 2027-2029

Sjå vedlegg 3, 3 a og 3 b

Prosjekt finansiert med post 30-midlar blei lagt fram for styringsgruppa 27. mars. Styringsgruppa vedtok bruk av post 30 i 2027, som blei Miljøløftet sitt innspel til statsbudsjettet 2027. Styringsgruppa vedtok også ei innbyrdes prioritering av post 30-prosjekta som blir spelt inn til statsbudsjettet.

I denne saka skal styringsgruppa behandle forslag til samla handlingsprogram for 2027 til 2029.

Saka har vore drøfta i prioriteringsrådet, og eit forslag til kva prosjekt som skal prioriterast i handlingsprogrammet følger av saksgrunnlaget (Vedlegg 3).

Etter at handlingsprogrammet er vedtatt av styringsgruppa, blir det sendt til partane for lokalpolitisk handsaming før sommaren.

Ein prosjektportefølje over alle dei innspelte prosjekta ligg ved (vedlegg 3a). Denne inneheld alle prosjekt som er spelt inn i Miljøløftet, uavhengig om dei er aktuelle for kommande handlingsprogram eller for seinare rulleringar. Vurderingar av måloppnåing og mogningsgrad i prosjekta er også lagt ved (Vedlegg 3b).

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa sluttar seg til Miljøløftet sitt handlingsprogram for 2027-2029, og ber sekretariatet ferdigstille dokumenta i samsvar med konklusjonane i møtet. Vedtatt handlingsprogram blir sendt til partane for lokalpolitisk handsaming innan sommaren 2026.*

Sak 28/26 Årsmelding 2025

Sjå vedlegg 4

Årsmeldinga for 2025 er ferdig utarbeidd. Årsmeldinga summerer opp aktivitetar og tiltak som var finansiert gjennom Miljøløftet i 2025, status på økonomien og utviklinga i indikatorane som skal vise om vi når måla i avtalen.

Målet til Miljøløftet er at det ikkje skal bli meir biltrafikk enn slik nivået var før byvekstavtalen blei inngått. I 2025 har vi sett at det har vore utfordrande å nå nullvekstmålet. Byindeksen, som måler biltrafikk i Bergensområdet, viser at trafikkmengda var 2,2 prosent over nivået i 2018. Samtidig har det vore ein betydeleg auke i bruk av kollektivtransport dei siste åra. Sekretariatet går igjennom årsmeldinga i møtet.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering.*

Sak 29/26 Politisk seminar

Politisk seminar har vore arrangert årleg i Miljøløftet sidan 2021. Bakgrunnen for seminaret var at politisk nivå hos partane ønskte å bli kopla tettare til dei strategiske prosessane i Miljøløftet, og at prosessane skulle ha lokalpolitisk forankring. I utgangspunktet var ønsket at seminaret skulle arrangerast årleg. Temaet for seminaret har variert, frå opplæring og informasjon (spesielt etter lokalvalet), til å rette merksemda mot kva som er oppnådd, kva ein ønskjer å oppnå i Miljøløftet, og sist haust tema knytt til arealutvikling og byutgreinga.

Prioriteringsrådet drøfta saka i sitt møte 20. februar. Prioriteringsrådet konkluderte med at politisk seminar er aktuelt å arrangere når rammene for reforhandlinga av byvekstavtalen er kjent.

Forslag til vedtak: *Styringsgruppa tek saka til orientering. Sekretariatet kjem tilbake til korleis og når politisk seminar i Miljøløftet kan arrangerast, når rammene for reforhandlinga av byvekstavtalen er kjent.*

Sak 30/25 Eventuelt, byvekstavtalen

Saksliste bypakke Bergen

Sak 31/25 Eventuelt, bypakke Bergen